

Tyrkia



sammen for de forfulgte

Utarbeida September 2013
(Ragnhild Stav)
for Stefanusalliansen

Befolkning:

74,9 mill. (PRB 2012)

Etniske grupper:

Tyrkisk 70-75%, kurdisk 18%,
andre minoriteter (kaukasiarar,
laz, roma) 7-12% (CIA 2008)

Religiøse grupper:

Muslimar ca 99% (sunnit 80%,
alevittar og sjiamuslimar 20%)

andre: Ortodokse armenarar,
gresk-ortodokse kristne, jødar, bahaiar, syrisk-ortodokse kristne, yezidiar, Jehovas vitne,
protestantar (Christian Solidarity Worldwide-2009).

Kristne:

Ortodokse armenarar (60 000), gresk-ortodokse (2 500), syrisk-ortodokse (15 000), protestantar (6 000) (Christian Solidarity Worldwide-2009).



Oppsummering

-Anti-terrorismelova vert ofte brukt i tilfelle der regjeringa vil få politisk motstand av vegen.

-Tyrkia er det landet i verda som har fengsla flest journalistar.

-Tyrkia har forplikta seg både til FNs internasjonale konvensjon om internasjonale sivile og politiske rettigheter (ICCPR) og den europeiske menneskerettskonvensjon (ECHR), men desse konvensjonane kjem i skuggen av det sosiale og politiske presset etniske og religiøse minoritetar møter i dagens Tyrkia.

- Utarbeidinga av ei ny grunnlov starta i 2011, men ein har til dags dato ikkje klart å produsere ein tekst som kan bli overlevert til nasjonalforsamlinga for å bli vedteken.

- Det vert ført streng statleg kontroll over religiøse anliggender, som fører til ein del problem for religiøse minoritetar.

Bakgrunn

Det osmanske riket varte frå det fjortande til det tjuande århundret, og strekte seg omlag frå Wien i vest til Iran i aust. Dette resulterte i at ulike etniske og religiøse minoritetar vart inlemma i imperiet. Dei fleste var anten jødar eller kristne.¹ I takt med det som skjedde i resten av Europa på starten av 1900-talet, var ulike etniske grupper i det osmanske riket opptekne av å få sin eigen nasjonalstat. Regjeringa klarte ikkje å møte krava dei ulike etniske gruppene hadde om demokratisering og lik behandling. Land som Russland, Frankrike og Storbritannia involverte seg i indre anliggender i det osmanske riket, og dei rettferdiggjorde dette ved å hevde at dei gjorde det for å beskytte dei kristne

minoritetane. Krigen mot Russland i 1915 førte nesten til ein total øydelegging av kristne trussamfunn i Anatolia.²

Fredsavtalane vart etablert i 1919-20 som ei følge av nederlaget til det osmanske riket og deira allierte. Dei sigrande statane kravde at dei overvunne og nye statane måtte garantere rettane til etniske, lingvistiske og religiøse minoritetar. Gjennom Sèvres-traktaten prøvde ein mellom anna å påleggje Tyrkia beskytting av minoritetar.³ I følge denne traktaten måtte i tillegg Tyrkia gje slepp på store asiatiske område hvilket gjorde traktaten lite attraktiv for Tyrkia. Mustafa Kemal Atatürk ville ikkje godkjenne traktaten.⁴ Samstundes var store delar av det tidlegare osmanske riket okkupert av dei allierte. Tyrkia reagerte på denne intervensjonen med frigjeringskrigen (1919-1923). Etter at Tyrkia vann frigjeringskrigen vart Lausannekonferansen halden. Resultatet av denne konferansen var Lausanne-avtalen. Det vart òg i denne traktaten gjort krav på at Tyrkia skulle beskytte minoritetane. Tyrkia gjekk med på denne traktaten, og det er nettopp denne avtalen Tyrkia refererar til i dag med tanke på beskytting av minoritetar. Lausanneavtalen oppfyller ikkje dagens standard om beskytting av minoritetar sidan den berre refererar til ikkje-muslimske minoritetar. I tillegg har Tyrkia snevra inn avtalen sidan den i praksis berre gjeld armenarar, grekarar og jødar.

Den tyrkiske grunnlova refererar ikkje til minoritetar. Det einaste som er relevant i grunnlova er artikkel 10 som garanterar alle individ 'likhet for lova', utan diskriminering, uavhengig av språk, rase, farge, kjønn, politisk standpunkt, filosofisk overtyding, religion og sekt. Det er inga lov angående beskytting av minoritetar, eller nokon garanti mot diskriminering⁵

Tyrkia er ein demokratisk republikk. Valet i juni 2011 vart i det store og heile sett på som fritt og rettferdig, sjølv om 12 kandidatar frå Det Kurdiske freds- og demokratipartiet (BDP) vart hindra i å stille, og åtte kandidatar- seks frå BDP og to frå Det republikanske folkepartiet (CHP) - var i forvaring under valet.⁶ AKP har røter i det islamsk-orienterte (Refah) partiet, og fekk nesten 50 % av stemmene ved valet. Recep Tayyip Erdogan vart med dette gjenvalt som statsminister.⁷

AKP lovde etter valet at dei skulle setje i gong arbeidet med ei ny grunnlov, men det har vist seg å ikkje vere så enkelt. Utarbeidinga av ei ny grunnlov starta i 2011, men ein har til dags dato ikkje klart å produsere ein tekst som kan bli overlevert til nasjonalforsamlinga for å bli vedteken⁸ Ein parlamentarisk kommisjon vart etablert for å samle informasjon og anbefalingar frå sivilsamfunn, foreiningar, stiftingar, og religiøse og representantar for minoritetane. Dei har høyrte frå ei rekkje individ og grupper, inkludert det gresk- ortodokse økumeniske patriarkatet, det syrisk-ortodokse patriarkatet, alevitt -samfunnet, og sjefsrabbi i Tyrkia. Kommisjonen sette seg som mål å vere ferdig i april 2013⁹. Grunnlovskommisjonen, som vart gjeven oppgåva å skrive utkastet, slutta å fungere etter at leiaren for kommisjonen, Cemil Cicek, i november 2013 uttalte at han ikkje hadde noko håp om at grunnlovskommisjonen ville evne å skrive eit utkast til den nye grunnlova. Problemstillingar dei ulike politiske partia har vist stor usemje kring er: definisjonen av statsborgarskap, trus- og religionsfridom, likestilling, og utdanning i morsmålet. Sjølv om BDP kom med forslag for å føre grunnlova meir i linje med internasjonale menneskerettsstandardar, kjem religions -og trusfridom i den nye grunnlova mest sannsynlegvis ikkje til å vere på linje med internasjonal lov¹⁰.

Menneskerettssituasjonen

Menneskerettssituasjonen i Tyrkia har blitt forverra etter den brutale handteringa av protestane i Istanbul og andre byar våren 2013.

I mai 2013 braut det ut protestar i Istanbul mot regjeringa sine planar om utbygging i Geziparken som ligg i byen. Protestane spreidde seg til andre byar og utvikla seg til å bli ei brei protestrørsle mot regjeringa. Demonstrantane meinte at Recep Tayyip Erdogan og hans regjerande parti (AKP) ved denne og tidlegare avgjersler viser autoritære trekk. Det er estimert at over 2,5 million tyrkarar deltok i desse demonstrasjonane. I midten av juli hadde fem demonstrantar blitt drept, over 8000 såra, og nesten 5000 blitt arrestert av politiet. Regjeringa sin måte å handtere protestane på vart fordømt av tyrkiske og internasjonale observatørar. Det vart mellom anna gjort husransakingar i bustader og kontor for å arrestere personar dei mistenkte for å vere medverkande i demonstrasjonane. Med tanke på ytringsfridom, viser regjeringa gjennom deira måte å reagere på at den i praksis er forholdsvis avgrensa. I juni vart tv-stasjonar og journalistar som dekkja protestane straffa av regjeringa gjennom bøter, oppseiingar og fengsling. Nesten alle mediaorganisasjonar er eigd av store selskap som har tilknytning til politiske parti eller har økonomiske interesser i andre industriar. Dette fører til avgrensingar i kva ein kan rapportere om, som resulterer i sjølvensur. Erdogan stempla sosiale medieplattformer som Twitter, som vart mykje brukt i samband med protestane, som ein «trussel mot samfunnet», og nokre Twitterbrukarar endte opp med å verte fengsla 1. Det finnes òg juridiske lovgjevingar som hindrar reell ytringsfridom. Eit godt døme på det er anti-terrorismelova som vart innført i 2006. Gjennom denne lova vart fengselsstraffar for journalistar gjeninnført. I november 2013 rapporterte PEN International om at 73 skribentar og intellektuelle sit inne i Tyrkiske fengsel. Fleire av journalistane har blitt fengsla grunna skuldingar om anten å høyre til ein terrororganisasjon eller for å vere innblanda i Ergenekon-rettsaka¹².

Akademisk fridom er snevra inn ved sjølvensur, lovgjeving eller politisk press kring sensitive tema som kurdarane, definisjonen på 1.verdskrig-massakren på armenarane som folkemord, og arven frå Atatürk. Forskarar og akademikarar som jobbar med spørsmål knyta til kurdarane har blitt fengsla i ein operasjon mot Koma Civaken Kurdistan/Unionen av Kurdiske samfunn). På undervisningsfronten har regjeringa angiveleg favorisert tilsetjing av meir religiøst orientert personell på universitet. Dei har i tillegg involvert og stilt seg kritiske til undervisning om evolusjonslæra¹³

Grunnlova fastset eit uavhengig rettsvesen, og i juni 2012 vedtok regjeringa at dei skal få på plass ein ombudsmann. Regjeringa kan midlertid i praksis påverke dommarar gjennom avtalar, forfremjingar, og finansiering. Kritikarar til regjeringa er uroa over presset som vert sett på dommarar, særskild i saker som gjeld journalistar og folk som har vorte sikta for antekne planar om kupp. Forsvarsadvokatar i KCK-saker har sjølve vorte utsette for gransking. Rettssystemet er prega av ein langsam prosedyre som fører til sær store rettskostnader for dei som er sikta for lovbrøt.¹⁴

Religions- og trusfridom

Religions- og trusfridom er beskytta i Tyrkia gjennom den tyrkiske grunnlova og tyrkisk kriminallovgjeving. Desse fridomane er vidare beskytta av bindande internasjonale menneskerettstraktatar som Tyrkia har forplikta seg til. Desse traktatane inkluderar Lausanne-traktaten frå 1923, FN's internasjonale konvensjon om internasjonale sivile og politiske rettigheter

(ICCPR) og den europeiske menneskerettskonvensjon (ECHR). Desse traktatane og konvensjonane kjem midlertid i skuggen av ei rekkje menneskerettsbrot i Tyrkia som har resultert i eit sosialt og politisk press på dei etniske og religiøse minoritetane i dagens Tyrkia.¹⁵

Ifølge ECHR pliktar staten å vere nøytral og upartisk. På dette området har AKP svikta i ei rekkje ulike saker. Deira tilnærming har òg forhindra staten frå å beskytte pluralismen som eksisterar i det tyrkiske samfunn. Måten regjeringa handterte protestane mot utbygging i Geziparken i Istanbul i 2013 på, i tillegg til mistanke om korrupsjon i statsadministrasjonen, gir lite håp om at demokratiseringsreformer vil komme på plass i den næraste framtida¹⁶

Staten sin offisielle sekularisme har ført til restriksjonar på religiøse uttrykk i den offentlege sfære, men sidan 2010 har kvinner hatt lov til å bruke det islamske hodeskjerfet/hijab på universitet. I tråd med demokratiseringspakka som vart lansert i september 2013 er det no mindre restriksjonar for lærarar og andre offentlege ansatte utanom politiet, militæret og dommarar. Kritikarar har uttrykt uro for at AKP moglegvis har ein religiøs agenda. Dette er eksemplifisert i eit utsegn i mai der ein frå AKP offisielt uttalte seg om «utsletting av ateistar», i tillegg til lover som forbyr ein å uttale seg kritisk til religion. I april 2013 vart Fazil Say, ein kjend tyrkisk pianist, sikta under artikkel 216 i straffelova for å fornærme islam gjennom ein kommentar han hadde skrive på Twitter. Han mottok ein «suspendert» fengselsstraff¹⁷

Religionsundervisning

Retten til å undervise om religion eller tru er ikkje beskytta i grunnlova, og er den mest restriktive delen av religions- og trusfridom i Tyrkia. Istadenfor regulerar grunnlova religiøse utdanningar og seier at «utdanning innan religion og etikk skal gjennomførast under statleg tilsyn og kontroll.» Staten har monopol på opning av religiøse skular og bestemmer kva kurs som skal vere obligatorisk eller alternative kurs innan religiøs utdanning¹⁸.

Den obligatoriske undervisninga i Religious culture and knowledge of ethics (RCKE) som inneheld undervisning innan sunni-islamsk tradisjon, held fram sjølv om ECtHR i Strasbourg og Tyrkisk høgsterett hevdar at RCKE undervisninga kan ikkje sameinast med landet sine menneskerettsforpliktingar.

Fritak frå RCKE kurs er berre tilgjengeleg for dei som kan bevise, ved å vise ein kopi av deira identifikasjonskort, at dei er kristne eller jødar. Det er inga unntak for ateistar, agnostikarar, islamske minoritetar, eller bahaiar, yezidis eller alevittar. Det å velje fritak frå RCKE klassar kan vere vanskeleg sjølv for dei som formelt kan gjere det. Barn som har fått fritak har opplevd utfrysning og erting frå andre barn og diskriminering frå lærarar, særskild i landsbyar og mindre byar¹⁹.

Religion på identitetskort

Statsborgarar må enten erklære seg sjølv som tilhøyrarar av eit avgrensa utval av religionar, eller la seksjonen på identitetskortet der det står om religionstilhøyre, stå blank. Det er ikkje mogleg å la det stå at ein er ateist. Dette strir mot ein ECtHR avgjersle i februar 2010 som oppfordra tyrkiske myndigheter til å eliminere denne seksjonen. Offentleggjing av religiøs identitet gjer folk sårbare for diskriminering. Dette grunna dei mange situasjonane i dagleglivet som krev identifikasjon, som å søke på skular og universitet, stemme ved val, gifte seg og å starte i ny jobb. Det er eit absolutt forbod for denne form for tvang i internasjonal menneskerett. For å unngå diskriminering held mange menneske deira religiøse tilhøyre hemmelig og endrar ikkje religionstilhøyre på identitetskortet der det står «Islam» med mindre du ber om å få det endra²⁰

Muslimar og andre grupper

Alevittane, ei minoritetsgruppe innanfor Islam, har ikkje beskytta status som minoritet gjennom Lausanneavtalen. Historisk sett har dei vore mål for vald og diskriminering. Deira gudshus, kjent som cemevis, mottok i motsetnad til moskéar ikkje statsstøtte. Regjeringa prøvde å imøtekomme det alevittiske trussamfunnet i 2010, men i august 2012 kom Erdogan med påstanden om at ekte muslimar kun ber i moskéar. Statleg kontroll over religiøse anliggender resulterer ikkje berre i problem for ikkje-muslimske grupper, men òg for muslimske minoritetsgrupper. Staten har via direktoratet for religiøse anliggender (Diyanet) fronta ei tolkning av Islam, nemleg Hanafiretninga. Dette gjer det vanskelegare for minoritetsgrupper innanfor islam som sjiittane, sufiane og særskild for alevittane, å praktisere deira retning av islam. Alevittane vert ikkje rekna som muslimar av ein del sunniar grunna deira ikkje-ortodokse tru og praksis, men vert likevel behandla som sunniar gjennom lovgjevinga. I nokre tilfelle har det polariserte forholdet mellom sunniar og alevittar ført til valdelege åtak, som til dømes i 1995 i distriktet Kahramanmaras, der 30 personar døyde²¹.

AKP lanserte ei demokratiseringspakke i 2013, men kom ikkje med konkrete løysningar knyta til Alevittane. Dette skuffa alevittane, som kan telle så mykje som ein tredjedel av befolkninga. Dei har hatt dei same krava i årtier: anerkjenning av cemevi som godkjente gudshus, fjerne obligatorisk religionsundervisning i skulen (RCKE), og beskytting av religions -og trusfridom. Ifølgje tal frå innanriksdepartementet finnes 937 cemevi, men ingen er godkjent som gudshus²².

Jødar har historisk sett levd fredfullt gjennom det osmanske riket og i den påfølgande tyrkiske republikken. Dei siste åra har det midlertid vore ein veksande anti-semittisme i Tyrkia, og i Istanbul i november 2003 vart to synagogar bomba²³.

Bahaiane, som i Tyrkia ikkje har mange tilhøyrarar, har gjennom åra blitt møtt med grove fysiske overgrep, vanskar med lovgjevinga, og negativ omtale i media. Bahaiismen er stort sett ukjent for den tyrkiske befolkninga, som igjen fører til skepsis. Diyanet ser på Bahaiismen som ei misjonsrørsle heller enn som ein religion. Det er framleis umogleg for Bahaiar å ha deira religiøse tilhøyre på dei nasjonale identitetskorta, sjølv om dei no har moglegheit til å la denne seksjonen stå blank. I juni 2005 fekk Bahai-trussamfunnet i Edirne offentleg tillating til å renovere eit gudshus²⁴.

Kristne

Det har vore ein masseutvandring av grekarar frå Tyrkia etter opptøyane mot det greske trussamfunnet i Tyrkia i 1955. Den stadig meir truga eksistensen av det økumeniske patriarkatet og framtida til det gjenverande greske trussamfunnet har samanheng med den offisiell politikken som har blitt drive i Tyrkia. Regjeringa krev at alle religiøse leiarar av minoritetsgruppene, inkludert det armenske patriarkatet og sjefsrabbiene, må vere tyrkiske statsborgarar. Det vert det vanskelegare og vanskelegare å få til sidan antal aktuelle kandidatar held fram med å minske.

Evangeliske kristne som er av tyrkisk opphav er den mest sårbare minoritetsgruppa. Sidan dei byrja å møtast i menigheter for mindre enn tjue år sidan, har korkje staten eller samfunnet sett på dei som tilhøyrande ein anerkjent etnisk eller religiøs minoritet. Dei vert betrakta som ei sekterisk gruppe som utgjer ein trussel for den nasjonale sikkerheita²⁵.

I følgje Christian Solidarity Worldwide (CSW) var det i 2008 omfattande debattar om korvidt ein tyrkar kan vere kristen og korvidt ein som ikkje er muslim kan verte kalla ein tyrkar. Denne teoretiske debatten har store konsekvensar for tyrkiske kristne, som nesten alle er førstegenerasjon-konvertittar frå Islam til kristendommen²⁶.

Foreiningslova gjer det mogleg å registrere religiøse foreiningar. Regjeringa har oppmuntra kyrkjer til å registrere seg som foreiningar slik at dei kan motta ein lovleg status. Formannen for the Legal Committee of the Alliance of Protestant Churches of Turkey seier at sjølv om denne lova ser ut til å vere eit gjennombrot, må ein følgje med på korleis den fungerer i praksis. På den eine sida oppmuntrar han kyrkjесamfunn til å registrere seg, på den andre sida er han forsiktig fordi myndigheitene framleis kan stengje eller konfiskere kyrkjebygningar. Foreiningsstatusen tilbyr kyrkjer fridom til å samlast for å tilbe, publisere litteratur, uttrykkje deira tru og til å tilsetje folk. Kyrkjene rapporterer midlertid at det å finne ein passande eigendom og det å opne ein tilbedingsstad framleis er vanskeleg, og at dei ofte er hindra av lokale myndigheter²⁷

Moglegheita for å etablere skular der ein kan undervise barn i deira morsmål gjennom demokratiseringspakka som kom i 2013, var eit positivt steg. Før 2013 kunne berre dei minoritetane som er beskytta under Lausanne-traktaten, opne denne typen skular. Denne utviklinga var særskild velkomen av det syrisk-ortodokse trussamfunn som lenge har lidd under det å ikkje ha moglegheita til å undervise i deira morsmål til den yngre generasjonen. Språket er viktig for vidareføringa av deira religiøse praksis, sidan gammal arameisk blir brukt i deira gudstenester²⁸.

Diskriminering og vald

Mediafiendskap mot ulike religiøse grupper er framleis eit problem og avgrensar deira rett til religions- og trusfridom. Hrant Dink Foundation's Media Watch on Hate Speech rapporterer at i perioden frå mai-august 2013 var etniske armenarar, jødar og kristne størst offer for religiøs hatdiskurs. I tillegg til å bli møtt med hatdiskurs i medier, vert òg religiøse trussamfunn møtt med hatkriminalitet. I følgje den norske Helsingforskomitè (NHC-IÖG) sin rapport, vart det rapportert om angrep på gudshus mot New Hope Protestant Church i Atasehir, Ayois Ionis Orthodox Church i Burgazada og Gedikpasa Surp hovhannes armenske kyrkje i Istanbul²⁹. Dette forårsaka redsel blant mindre trussamfunn, inkludert dei som ikkje var direkte ramma. Eit attentat mot Izmit Protestantiske kyrkje sin pastor vart avverga etter at politiet arresterte dei 20 som var involverte i attentatsforsøket³⁰.

Den pågåande rettssaka i Malatya av dei som er skulda for å ha myrda tre protestantar frå det lokale Zirve Publishing House i april 2007 held fram med å setje fokus på spørsmålet kring kva som forårsakar denne form for intoleranse og vald. Lengda på rettssaka, og på rettssakene av dei som er skulda for å ha myrda den armenske journalisten Hrant Dink i januar 2007, har kasta tvil kring rettferda og viljen frå staten si side på at rettferda skal sigre. Gjennom begge rettssakene har det komme fram informasjon som knyter morda til det militære og sivile byråkratiet³¹.

Om rettssystemet og andre myndigheter er villige til å la rettferda sigre og sikre at alle partar av staten følgjer lova, gjenstår å sjå. Ei rekkje statlege tenestemenn kunne ikkje verte etterforska i Dink-rettssaka fordi deira overordna ikkje ga tillating til det. Med mindre alle seksjonar av staten vert stilt til ansvar når ein har gjort urett, vert det umogleg å garantere trygg og fri eksistens av dei ulike trussamfunn som finnes i Tyrkia³².

-
- 11 Poulton, Hugh (1997): *Top hat, grey wolf and crescent: Turkish nationalism and the Turkish republic*, London, HURST & COMPANY, s. 43
- 22 Minority Rights Group International (2007): *A Quest for Equality: Minorities in Turkey*, London, Minority Rights Group International, s. 7
- 3 3 Ibid
- 4 4 Store Norske Leksikon, Tilgjengelig: <http://snl.no/Lausanneavtalen>
- 55 Minority rights group international; Minorities in Turkey (2004), s 7
- 66 Freedom house 2014. Freedom in the world 2014: Tyrkia, Tilgjengelig:
7 http://www.freedomhouse.org/report/freedom-world/2014/turkey-0#.U3CLe4F_tu4
7 Ibid
- 88 Forum 18, Religious Freedom survey January 2014, Tilgjengelig:
http://www.forum18.org/archive.php?article_id=1916
- 99 USCIRF, 2013. Annual report: Turkey, s. 270, Tilgjengelig:
10 [http://www.uscifr.gov/sites/default/files/resources/Turkey%202013\(1\).pdf](http://www.uscifr.gov/sites/default/files/resources/Turkey%202013(1).pdf)
10 Forum 18
11. 11 Freedom house 2014. Freedom in the world 2014: Tyrkia
- 1212 Ibid
- 1313 Ibid
- 1414 Ibid
- 1515 Ibid
- 1616 Forum 18
- 1717 Freedom house 2014. Freedom in the world 2014: Tyrkia
- 1818 Forum 18
- 1919 Ibid
- 2020 Ibid
- 2121 Christian Solidarity Worldwide, religious freedom profile of Turkey, s.13 Tilgjengelig:
22 <http://dynamic.csw.org.uk/article.asp?t=report&id=119>
22 Forum 18
- 2323 CSW, s. 15-16
- 2424 CSW, s. 16
- 2525 CSW, s. 15
- 2626 CSW, s. 15

2727 CSW, s. 4

2828 Forum 18

2929 Den norske Helsingforskomitè, The Right To Freedom Of Religion Or Belief In Turkey Monitoring Report January-June 2013, Tilgjengelig:

<http://inancozgurlugugirisimi.org/wp-content/uploads/2014/01/NHC-I%CC%87O%CC%88G-FoRB-Report-Eng.pdf>

3030 Forum 18

3131 Ibid

3232 Ibid